



Redegjørelse for aktsemdsvurdering etter openheitslova

for perioden 1. juli - 31. desember 2022.



Redegjørelse for aktsemdsvurdering etter openheitslova

for perioden 1. juli – 31. desember 2022.

Valle Sparebank

1. Generell informasjon om

a. Organisering

Valle Sparebank – etablert i 1866, er ein frittstående og sjølvstendig sparebank i Valle kommune i Agder. Hovudkontoret ligg i Valle og banken har to avdelingskontor, eit i Markensgate 2a i Kristiansand og eit på Hunsøya Næringspark i Vennesla.

Valle Sparebank driv i dag hovudsak ei tradisjonell moderne bankverksemd, med eit fullverdig tilbod til privat- og bedriftskundar. Banken er stolt av si historie, og opptatt av å bidra til berekraftig vekst og utvikling av lokalsamfunnet.

Pr. 31.12.2022 var det 15 fast tilsette i banken, 6 menn og 9 kvinner, administrerande banksjef Jostein Rysstad leiar banken.

Styret til banken leiar bankens verksemd etter lovar, forskrifter og vedtak frå bankens generalforsamling. Styret består av 5 medlemmer, og veljast av generalforsamlinga. Styrets leiar er Anne Gjerden.

Bankens generalforsamling er bankens høgste organ, det er 18 medlemmer i generalforsamlinga. Valle Sparebank si generalforsamling leiast av Knut Hagen.

Valle Sparebank er aksjonær i Eika-Gruppen AS. Eika Alliansen består av rundt 50 lokalbankar i Noreg, Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Eika Alliansen er ein av Noregs største finansgrupperingar, med samla forvaltningskapital på om lag 450 milliardar kroner. Valle Sparebank er på den måten del av eit strategisk samarbeid der Eika Gruppen si kjerneverksemd er å sikre at lokalbankane har moderne og effektive bankdrift gjennom gode og effektive produkt- og tenesteleveransar, inkludert å foreta anskaffingar på vegne av bankane. Produktselskapa i Eika Gruppen - Eika Forsikring, Eika Kredittbank og Eika Kapitalforvaltning - leverer til bankane et bredt spekter av finansielle produkt, kommersielle løysningar og kompetansehevande tenester.

b. Produkt og tenester

Valle Sparebank driv i dag hovudsak ei tradisjonell moderne bankverksemd, med eit fullverdig tilbod til privat- og bedriftskundar, m.a. betalingsformidling, sparing, lån og kredittar, banken kan også tilby dei fleste finansielle produkt så som forsikring, aksjehandel, fondsprodukt og leasing.

c. Marknader verksemda operer i

Banken si primære kundegruppe er personkundar, og då særleg i Setesdal, Vennesla og Kristiansands-regionen. Sjølv om mange kundar bur utanfor Setesdal, er dette ofte kundar

med ei eller anna knyting til Valle eller Setesdal. I tillegg til personmarknaden representerer det lokale næringslivet, offentleg sektor og lag og organisasjonar i øvre Setesdal viktige kundegrupper for banken.

d. Forankring av arbeid med menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold

Valle Sparebank legg til grunn ei sosial ansvarleg forretningsdrift. Omsynet til samfunnsansvaret er innarbeidd i overordna retningslinjer under konkrete emne som etikk, antikvitvasking, helse, miljø og sikkerheit. Openheitslova trådde i kraft 1. juli 2022. Lova skal fremme verksemdas respekt for grunnleggande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold, og sikre ålmenta tilgang til informasjonen. Dette er eit arbeid som er forankra i bankens styre, og ansvaret og etterlevinga av openheitslova har styret plassert i banken si leing.

Banken har i 2022 oppdatert og styrehandsama:

- etiske retningslinjer
- retningslinjer for utkontraktering
- retningslinjer for kritikkverdige forhold
- skjema for kritikkverdige forhold
- retningslinjer for handtering av interessekonfliktar

Valle Sparebank har ikkje tidlegare vore omfatta av openheitslova, dette er nytt frå 2022.

Eika Gruppen gjennomfører fleire større anskaffingar på vegne av blant anna Valle Sparebank. Styret i Eika Gruppen har vedteke policy for anskaffingar og utkontraktering samt oppdatert policy for berekraft med krav om aktsemdsvurdering av avtaler inngått av Eika Gruppen. Dette gjelder også for avtaler som Eika Gruppen inngår på vegne av bankane.

Det følger av forarbeida til lova at verksemdar vil kunne samarbeide om utføringa av aktsemdsvurdering. (Prop. 150 L 2020-2021 pkt. 8.2.3.3. side 67).

Valle Sparebank vurderer at Eika Gruppens aktsemdsvurdering er av god kvalitet. Valle Sparebank vil ikkje kartlegge den same risikoen i leverandørkjeda, banken fokuserer på andre delar av verksemda i sin aktsemdsvurdering.

e. Varslingskanalar

Valle Sparebank har utvikla eit godt samarbeid mellom leing og tillitsvalte. Valle Sparebank har ein klar varslingskanal for kritikkverdige forhold. På bankens intranett er det publisert to dokumenter som varetek dette:

- Retningslinjer for varsling av kritikkverdige forhold.
- Skjema for varsling av kritikkverdige forhold.

Utdrag frå retningslinjer for varsling av kritikkverdige forhold:

«Banken ønsker ein bedriftskultur der kritikkverdige forhold tas opp, diskuterast og løysast. Varsling er med på å bygge oppunder ein open kultur, kor det er tillit og dialog mellom tilsette og leiarar. Det skal derfor leggest til rette for at tilsette melder frå om kritikkverdige forhold, slik at banken kan oppretthalde sin etiske standard».

Valle Sparebank varetek også personvern, personvern er ei menneskerettigheit. Informasjon rundt bankens ivaretaking av personvern er tilgjengeleg på bankens nettside.

For meir informasjon rundt bankens praktisering av personvern, sjå her:

<https://www.valle-sparebank.no/samtykke>

Spørsmål kring personvern kan rettast til:

post@valle-sparebank.no

2. Negative konsekvensar og risiko

a. Internt

Valle Sparebank jobbar planmessig med aktsemdvurderinga knytt til arbeidsmiljøet i verksemda:

- Banken har verneombod som gjennomfører vernerunde i bankens lokalar.
- Valle Sparebank gjennomfører regelmessige medarbeidarundersøkingar. Den siste vart gjennomført i 2022, den neste er planlagt i 2024.
- Det er ikkje registrert varslar om kritikkverdige forhold i verksemda i løpet av 2022.

Oppsummert er det ikkje avdekkast negative forhold som har interne konsekvensar.

b. Leverandørar og forretningspartnarar

Valle Sparebank er ein liten lokal sparebank, noko av samfunnsansvaret til banken er å vere bidragsytar til lokal verdiskaping. Banken har dermed god kjennskap til leverandørane, og dei skal etterleve nasjonale- og internasjonale lovar og reglar knytt til menneske- og arbeidstakarrettigheiter, miljø, korrupsjon, og antikvitvaskings reglar skal overhaldast.

Leiinga i banken har gjennomgått og aktsemdsvurdert leverandørar, men har ikkje avdekkast negative forhold som vil ha konsekvensar.

3. Tiltak

Valle Sparebank vil i 2023 jobbe meir med leverandør oppfølging. Banken vil også sjå på interne retningslinjer for innkjøp, og kva tiltak som settast i verk om det avdekkast høg risiko.

Redegjørelsen vart handsama, og vedtatt i Valle Sparebank sitt styre 27. juni 2023

Valle 27. juni 2023




Anne Gjerden
Styreleiar




Knut Inge Hovet
Nestleiar



Elisabeth B. Spockeli



Kent M. Lund



Tor Arild Rysstad



Jostein Rysstad
Adm.banksjef